





Årsmelding 2008



Aukra kommune





Innhald

Årsmeldinga for 2008 inneheld i hovudsak følgande:

- Eit innleiande kapittel frå rådmann og stab/støttefunksjonar. Dette omfattar også sentrale utviklingstrekk i Aukra-samfunnet og økonomiske hovudoversiktar. KOSTRA-analysane vil – når dei ligg føre medio april – også utgjere ein sentral del av rådmannens samla kommentarar
- Einingane sine eigne tilbakemeldingar (bidrag) i vurderinga av tenesteytinga mv i 2008 følgjer deretter.

Innholdsliste:	Side
Del 1 Rådmann, stab/støtte	
Rådmannen.....	2
Økonomiske oversikter.....	7
Medarbeider og organisasjon.....	9
Økonomiavdelinga.....	12
Pedagogisk rådgjevar.....	13
Administrasjonsavdelinga.....	15
Utviklingstrekk i Aukra.....	16
Kommunebarometer.....	18
Del 2 Årsmeldingar frå einingane	
Riksfjord skole.....	19
Julsundet skole.....	21
Barnebo barnehage.....	23
Bergetippen barnehage.....	26
Oppvekst og kultur.....	28
Pleie og omsorg.....	31
Helse og sosial.....	33
Plan, utvikling og samfunn.....	35
Forvaltning, drift og vedlikehald.....	37



Rådmannen

Innleiing

Kommunelova § 48 pålegg kommunane å utarbeide årsrekneskap og årsmelding, og gir nokre formalkrav til kva årsmeldinga skal innehalde. Årsmeldinga skal gje opplysningar om verksemda utover opplysningane i årsrekneskapen, i tillegg til andre forhold som er av vesentleg betydning for kommunen, og er administrasjonens tilbakemelding til folkevalde organ om viktige sider ved verksemda siste år. Årsmeldinga skal og gjere greie for likestillingsarbeidet i kommunen.

For både folkevalde og administrasjonen er årsmeldinga eit verktøy for oppfølging av målsettingar i årsbudsjett og økonomiplan. I og med at vi i Aukra kommune ikkje har eit systematisk målstyringsopplegg, vil årsmeldinga i stor grad vere eit dokument der administrasjonen gir uttrykk for sentrale sider ved korleis året 2008 har vore gjennomført.

Aukra kommune har gjennom Ormen Lange-utbygginga kome i ein heilt unik situasjon. Over tid vil dette sette kommunen i stand til å bygge eit svært godt samfunn. Gode samfunn bygger på omføreinte verdiar og haldningar, og det er viktig at nettopp dette blir sett både på den politiske og administrative dagsorden.

Kommunen har mange viktige roller og oppgåver i folks liv: som tenesteproducent, tenesteytar eller som myndigheitsorgan (forvaltningsorgan) er kommunen i kontakt med nær sagt alle. Dette set store krav til kommunen som organisasjon, og korleis

tenestene og servicen blir oppfatta. Og: kommunen er der i både gode og mindre gode tider. Dette vil vi truleg kome til å merke tydelegare også lokalt etterkvart som "finanskrisa" no går i retning av å bli ei "realøkonomisk krise" for mange.

Tempoet i Aukra kommune er høgt. Det merkast lite at Ormen Lange-utbygginga er "over". Einingar påpeikar tvert i mot at aktivitetsnivået no minst er på høgde med entreprenørperioden fram til 2006/07. I ein slik situasjon kan det vere lett å undervurdere behovet for administrativ kapasitet. Vi peika på dette i budsjettoplegget for 2009: vel har kommunen økonomiske musklar som kan forsvare høge ambisjonar og høg aktivitet, men det røyner på i det administrative apparatet med omsyn til leing og utføring av oppgåvene. Dette kan ha den konsekvens at administrasjonen er (blir) meir oppteken av handling enn av dokumentasjon, og vi må difor arbeide godt med systematikken vår for å ivareta controllar- og kvalitetssikringsfunksjonar.

I årsmeldinga for 2007 skreiv daverande rådmann m.a. følgjande: "Aukra kommune har som målsetjing å vere ein effektiv, rasjonell og tidsmessig tilpassa organisasjon. Dette skal bidra til å setje brukarane, dvs innbyggjarane i fokus, slik at kommunen kan produsere/yte dei kommunale tenestene som er tilpassa brukarane sine behov. Rådmannen har lagt stor vekt på at heile den kommunale sektor må levere, og at Aukra kommune sin kjerneproduksjon, nemleg helse og sosial, pleie og omsorg, skolar og barnehagar, kultur, samt samfunnsutvikling og oppgåvene knytt til teknisk, har optimal drift". Dette gjeld framleis!



I den gunstige økonomiske situasjonen kommunen er i, kan det lett skje at ressursforbruket aukar sterkare enn det resultat tilseier. I dialogmøtet i september 2008 diskuterte kommunestyret sider ved "rikdommens dilemma". Forventningane til volumvekst i tenesteyting og kommunale bidrag elles, ser vi konturane av, det vere seg frå innbyggjarar, brukarar, lag og organisasjonar, næringsliv, kommunens egne fagfolk/profesjonar, folkevalde, omkringliggende kommunar/regionen, osv. Det har frå dag 1 etter Stortingets lokaliseringsvedtak i 2004 skjedd stor vekst i dei kommunale budsjetta, og vissheita om eigen rikdom "overstyrer" i praksis haldningar om måtehald, om å gå forsiktig fram, etc.


Når rikdom kjem raskt, så skjer det noko med våre underliggende haldningar og åtferd. Som kommune opplever vi at det stadig blir stilt større krav til kommunen, at

det er kommunen som må betale, "ordne opp".

Utviklingstrekk som dette må vi ta alvorleg, og ikkje miste styringsevne undervegs. Det er ønskjeleg å få gjennomført eit prosjekt – eller ei undersøking – om korleis haldningar og åtferd til ulike grupper og aktørar kan vere i ferd med å endre seg, og korleis dette i så fall vil kunne verke inn på kommunens framtidige situasjon.

Organisasjon

Kommunen gjekk frå 1.7.2005 over til såkalla flat struktur, med prinsipielt to nivå: rådmann (inkl stabs- og støttefunksjonar) og einingar. Det har ikkje skjedd vesentlege endringar i organisasjonsplana i 2008, men kommunestyret har hatt to saker til orientering vedr mindre oppgøvejusteringar mellom enkelte einingar.



Organisasjonskart Aukra kommune 2008

Folkevalde organ

Administrasjonen er ut frå gitte fullmakter både utøvande organ og sekretariat for dei folkevalde organa. I kommunane, som både har ei politisk og administrativ leing, er det viktig å utvikle tydelege roller og godt samarbeid. Administrasjonen er

hjelpeapparat for alle folkevalde - og for alle folkevalde organ - og skal ha ei nøytral rolle. Etter rådmannens oppfatning har samspelet mellom kommunens folkevalde og administrasjonen fungert godt i 2008.



Det er lagt vekt på å informere og involvere folkevalde organ – formelt og uformelt – i saks- og planprosessar. Dette kom m.a. fram som ønskje i dialogmøte i 2008. Serleg i planprosessar – som ofte treng modning - er det viktig at folkevalde organ kan vere deltakar i prosessane, og ikkje berre vere vedtaksorgan.

I løpet av 2008 er det behandla ei lang rekkje saker av stor betydning, både for Aukra som lokalsamfunn, men og for regionen. Mellom mange viktige saker vil rådmannen her trekkje fram nokre få, som på ulike vis var med å bringe kommunen framover. Det er og eksempel på saker som på ulike vis sette sitt preg på kommunen i året som er gått.

Plansaker

Kommunedelplana for Nautneset-Falkhytten-Hukkelberg vart vedtatt, gir viktige signal for vidare utvikling av ”sentrumsområda”. Innafor plangrensene vil det over tid skje viktige utviklings- og utbyggingstiltak.

Det vart vedteke kommunedelplan for idrett og friluftsliv, og dette er viktige område for framtidig folkehelse og allsidige aktivitetar.

Svært viktige sider ved Kommuneplanarbeidet vart også starta opp i 2008. Kommuneplana er ”plana over alle planer”, og består av ein arealdel og ein samfunnsdel. Arealdelen er i og for seg ferdig, men skal rullerast i 2010, medan *samfunnsdelen* (tekstdelen med mål og tiltak) er ny. Denne planprosessen vil finne stad i 2009.

Det vart og fatta vedtak om oppstart av viktige delplanar og planprosessar: eksempel på dette er barnehageplanar, plan for samordna utvikling i Julsundet, rusmiddelpolitisk handlingsplan, energi-,

miljø- og klimaplan, omsorgsplan. Dette er prosessarbeid som vil finne stad og få sine avklaringar i løpet av 2009.

Utbyggingssaker/utbyggingstiltak

Dei to markante sakene i 2008 var nok Juvika og Riksfjord skole.

Juvik-saka markerte på ein måte avslutninga på etterarbeidet etter Ormen Lange-utbygginga, ved at dei som mista sine båtplassar og nausttomter/-rettigheitar skulle få desse erstatta. Ut frå denne dimensjonen var dette ei god sak, som var gjenstand for omfattande sakshandsaming i 2008. Heile hamneanlegget blir ferdigstilt i 2009, og teknisk sett vil dette bli ei god utbygging.

Juvik-saka hadde og ei menneskeleg side, og det var denne som var svært vanskeleg å handtere, både for dei som vart direkte berørt, og for kommunen. Det er uvanleg at ein kommune kjem opp i situasjonar som dette, og det er vanskeleg å halde ein ”balanse” mellom å ta individuelle omsyn og samstundes skulle ivareta kommunens samfunnsrolle. Saka pågjekk meir eller mindre heile året, og var både mediemessig og elles ei belastning. Erfaringane frå denne saka er vel verdt å ta med seg og lære av.

Den andre store utbyggingssaka var Nye Riksfjord skole. At kommunens økonomiske situasjon no er slik at ein kan makte eit slikt løft, på relativt kort tid, er eineståande, og kommunen vil gjennom realisering av dette prosjektet legge ei god ramme rundt framtidige undervisningsopplegg. ”Innhaldet i skulen” kan no bli eit heilt anna og betre enn det er i dag. Kommunestyret behandla nye Riksfjord skole i fleire samanhengar; som reguleringssak, val av konsept, prosjektorganisering, forprosjekt og framdrift.



Det vanskelege i Riksfjord-saka i 2008 var ikkje skolens konsept eller innhald, men lokaliseringa. Alle vesentlege og rasjonelle argument tilsa, slik administrasjonen og mange andre såg det, og dette også ut frå andre politiske føringar om sentrumsutvikling, etc., at ei sentrumsnær lokalisering ville vere å føretrekke, kombinert med kulturhus og andre sentrumsfunksjonar. - Kommunestyret valde å sjå bort frå dette, og prosjektet er i rute ihht vald lokalisering og framdrift.

Kommunestyret vedtok i 2008 utbyggingsavtale med utbyggarane for Aukra Fjordhotell SUS, og vedtok gjennom denne avtalen å bidra med store beløp til infrastruktur, etc., slik at kommunen kan få eit nytt og tidsmessig hotell.

Eit anna godt eksempel på kommunens tilrettelegging er Kunstgrasbana ved Riksfjord skole. Kombinasjonen mellom eit framtidig nytt skoleanlegg, tribuneanlegg knytt til bana, sandvolleyballbane, etc. etc. vil morgondagens ungdom på Gossen ha alle mulegheiter til allsidige aktivitetar.

Regionale, interkommunale saker

Kommunen har behandle fleire saker av enten stor eller prinsipiell betydning for omkringliggende kommunar/regionen. Dette gjeld m.a.:

- Møreaksen AS - aksjeemisjon
- Aksjeteikning i Samspleis AS
- Samarbeid vedr. Møre og Romsdal Havn
- Anleggskonsesjon for Havsul I
- Bidrag til GassROR IKS, som igjen yter støtte til Haukebøen, Molde Lufthavn, etc.

I tillegg til dette drøfta kommunestyret på meir prinsipielt grunnlag sak om mulege utviklingstrekk i det regionale samarbeidet.

(Dette har kommunestyret bede om blir tatt grundigare opp i 2009).

Interne, organisatoriske saker

Internt i kommunen som organisasjon skjer det mange utviklingsprosessar, og det er grunn til å nemne nokre:

- KM (kollegamedvirkning)-prosjektet vart avslutta, men inneheld mange tema og forslag til oppfølging og forbetring
- Lønspolitisk plan vart vedtatt
- Samarbeid med og kjøp av Landbrukstenester - Fræna kommune
- Interkommunalt samarbeid med Molde om Barneverntenesta
- Oppstart av prosjekt vedr avlastnings- og støttekontaktenester
- Kommunestyrets vedtak om mottak av inntil 15 flyktingar i 2009
- Behovet for fleire barnehageplassar sette i gang kreative saker og prosessar vedr etablering av tilbod i Aukrahallen og – ikkje minst – i nye paviljongar ved Bergetippen

Denne opplistinga er ikkje ”rettferdig” overfor alle tiltak som ikkje er nemnt. Det må difor avslutningsvis nemnast at det også i 2008 vart inngått samarbeidsavtale mellom AS Norske Shell og Aukra kommune om viktige samarbeidstiltak (brann, kultur, etc). Ormen Lange, Hydros tidlegare rolle, Shells noverande rolle og pengestraumen frå dette fantastiske anlegget er kjelda og årsak til kommunens rikdom. At Aukra vart vald som lokaliseringsstad, og har fått gleda av å forvalte denne rikdommen i form av eigedomsskatt, er eit resultat av mange sin innsats og det fordrar stor romslegheit interkommunalt og regionalt. Både i politiske vedtak og i rekneskapen for 2008 gjenspeglar dette seg.



Økonomisk stilling og resultat

Aukra kommune har dei siste åra oppnådd å få svært god økonomi, og resultatata speglar dette. Rekneskapen for 2008 viser overskot på nær 70 mill.kr. (kr. 69 937 980). I eiga sak om rekneskapen blir økonomien nærare forklart. Nedanfor følgjer hovudoversiktane for drift og investeringar og årsakene til det store overskotet går fram av tabellen nedanfor.

Ved evaluering av historiske forhold, som 2008 no er, er det viktig å kunne supplere verbale vurderingar og synspunkt med faktisk tal- og målutvikling. KOSTRA ("KOMune-STat-RApportering") er eitt av fleire verkty til dette. Dei foreløpige KOSTRA-tala for 2008 var frå statens side ferdige pr.15. mars, og administrasjonen vil bearbeide og presentere desse i eit vedlegg til årsmelding og rekneskap. Endelege tal vil ligge føre 15.juni.

Sjølv om det mot slutten av 2008 var stort fokus på finanskrisa og nedgangstider i næringslivet, rakk ikkje dette å slå serleg

inn i kommunens økonomiske situasjon. (Slike verknader vil ein måtte ta omsyn til for 2009). Skatteinntektene auka i høve til budsjettet, og låg samla på 135% av landsgjennomsnittet.

Rammeoverføringane frå staten gjekk ned av same grunn (inntektsutjamningsordninga i inntektssystemet). Den andre store (positive) forskjellen mellom opprinneleg budsjett og rekneskap i 2008 stod eigedomsskatten for. I utgangspunktet var det lagt opp til forsiktige anslag i eigedomsskatteinntektene, og det var også lagt til grunn ei lineær utbygging av anlegget på Nyhamna. Desse føresetnadane endra seg undervegs, og inntektsanslaga vart auka i 2. tertial.

Eigedomsskatteinntektene enda i 2008 på 132,9 mill.kr.

Driftsutgifter og overføringar har og auka vesentleg (frå 127,7 mill.kr. i rekneskap 2007 til 144,3 mill.kr. i rekneskap 2008). Denne auken blir nærare kommentert i saka om rekneskapen



Økonomiske hovedoversikter

Driftsrekneskapen

	Rekneskap 2008	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Rekneskap 2007
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger	10 320 235	9 425 000	9 425 000	9 679 394
Andre salgs- og leieinntekter	19 826 998	17 177 632	17 292 632	17 581 427
Overføringer med krav til motytelse	60 686 727	37 554 003	37 108 003	53 796 797
Rammetilskudd	21 326 205	31 398 000	31 398 000	14 217 401
Andre statlige overføringer	5 388 602	880 000	1 400 000	4 643 643
Andre overføringer	38 531	0	0	35 884
Skatt på inntekt og formue	96 480 229	78 328 000	78 328 000	110 170 683
Eiendomsskatt	132 991 600	100 000 000	80 000 000	69 225 800
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	347 059 126	274 762 635	254 951 635	279 351 030
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	120 086 369	116 226 369	111 122 071	110 021 654
Sosiale utgifter	29 750 385	34 892 932	33 558 476	30 626 487
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	52 234 796	33 258 294	32 934 048	42 612 213
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	13 382 172	9 771 000	9 857 000	9 273 307
Overføringer	23 915 501	11 185 316	16 421 316	14 949 406
Avskrivninger	9 271 222	0	0	11 394 083
Fordelte utgifter	-5 839 123	-4 850 276	-4 450 276	-4 860 025
Sum driftsutgifter	242 801 322	200 483 635	199 442 635	214 017 124
Brutto driftsresultat	104 257 803	74 279 000	55 509 000	65 333 905
Finansinntekter				
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	5 388 268	3 000 000	3 000 000	4 322 251
Mottatte avdrag på utlån	1 212 727	150 000	150 000	610 018
Sum eksterne finansinntekter	6 600 996	3 150 000	3 150 000	4 932 269
Finansutgifter				
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	9 364 012	9 420 000	9 420 000	8 506 847
Avdragsutgifter	26 798 621	27 747 000	27 747 000	9 846 213
Utlån	278 317	120 000	120 000	350 060
Sum eksterne finansutgifter	36 440 950	37 287 000	37 287 000	18 703 120
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-29 839 954	-34 137 000	-34 137 000	-13 770 851
Motpost avskrivninger	9 271 222	0	0	11 394 083
Netto driftsresultat	83 689 071	40 142 000	21 372 000	62 957 137
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	47 363 696	47 363 696	0	6 873 747
Bruk av disposisjonsfond	47 824	0	0	225 000
Bruk av bundne fond	2 503 609	899 000	899 000	2 410 002
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0



Investeringsrekneskapen

	Rekneskap 2008	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Rekneskap 2007
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	1 774 585	3 000 000	3 000 000	3 143 341
Andre salgsinntekter	754 040	0	0	1 024 662
Overføringer med krav til motytelse	1 651 049	0	0	4 350 667
Statlige overføringer	0	0	0	0
Andre overføringer	25 010 000	1 000 000	1 000 000	486 000
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	0	0	0	0
Sum inntekter	29 189 674	4 000 000	4 000 000	9 004 670
Utgifter				
Lønnsutgifter	0	0	0	8 512
Sosiale utgifter	0	0	0	1 200
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	56 317 746	38 900 000	31 300 000	35 537 024
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	0	0	0	0
Overføringer	4 193 675	0	0	5 084 095
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	41 549	0	0	132 651
Fordelte utgifter	0	0	0	0
Sum utgifter	60 552 969	38 900 000	31 300 000	40 763 483
Finanstransaksjoner				
Avdragsutgifter	30 324 851	32 000 000	2 000 000	6 656 966
Utlån	533 228	0	0	505 000
Kjøp av aksjer og andeler	1 576 850	1 550 000	0	6 280 280
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0	23 612 778
Avsetninger til ubundne investeringsfond	10 000 000	10 000 000	0	1 717 500
Avsetninger til bundne fond	884 805	0	0	1 078 721
Avsetninger til likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum finansieringstransaksjoner	43 319 734	43 550 000	2 000 000	39 851 245
Finansieringsbehov	74 683 030	78 450 000	29 300 000	71 610 058
Dekket slik:				
Bruk av lån	771 403	0	0	20 837 312
Mottatte avdrag på utlån	1 082 334	2 000 000	2 000 000	1 800 217
Salg av aksjer og andeler	0	0	0	1 140 000
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Overføringer fra driftsregnskapet	24 210 564	34 021 000	22 271 000	19 911 434
Bruk av disposisjonsfond	30 730 112	35 029 000	5 029 000	5 236 012
Bruk av ubundne investeringsfond	7 519 265	7 400 000	0	18 749 613
Bruk av bundne fond	0	0	0	3 935 470
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum finansiering	64 313 678	78 450 000	29 300 000	71 610 058
Udekket/udisponert	-10 369 353	0	0	0

Nedanfor følger årsmeldingskommentarar
frå stabs- og støttefunksjonane:
Medarbeidar og organisasjon,
Økonomiavdelinga, Pedagogisk rådgjeving
og Administrasjonsavdelinga.

Dagfinn Aasen
Rådmann



Medarbeidar og organisasjon



Utdeling av KS sitt heidersmerke

Foto: Gunn Aarønes

Løns og personalkontoret har det overordna ansvaret for lønsutbetaling, utarbeiding av planer, reglement, retningsliner og oppfølging som gjeld tilsette sine vilkår som medarbeidarar i Aukra kommune. Etter oppretting av stillingsheimlar, har kontoret frå 2008 ansvaret for å vedlikehalde heimelsoversikta som er eit viktig verktøy for budsjettstyring.

- ✓ 282 årsverk fordelt på ca. 316 fast tilsette
- ✓ 53 ny tilsettingar
- ✓ 28 oppseiingar
- ✓ 21 nyoppretta årsverk
- ✓ Totalt sjukefråvær på 9,7 %

Arbeidet med seniorpolitiske retningsliner vart intensivert på hausten og tiltak for å behalde tilsette etter fylte 62 år vert sett i verk ved årsskiftet. To medarbeidarar tok ut AFP i 2008, mens 5 har fått innvilga heil eller delvis attføring.

Helse, miljø og tryggleik

Sjukefråværet totalt var på 9,7 %. Korttidsfråværet (under 17 dagar) var på 2,1 % og langtidsfråværet på 7,6 %.

Eigenmeldt og legemeldt på hhv 0,9 og 8,7 %. Oppfølging av den enkelte sjukemeldte har vore god og det er også gjort eit godt stykke arbeid med å kjøpe inn hjelpemidlar og helsetenester for å lette tunge arbeidsoppgåver. Etter ei lang periode der NAV ikkje var særleg tilgjengeleg, vart det på slutten av året inngått eit nærare samarbeid for å utarbeide ny handlingsplan med tanke på tiltak for å komme tilbake i arbeid. Dette vil kommunestyret bli orientert om.

Bedriftshelsetenesta har gjennomført helsekontrollar og enkelte langtidssjukemeldte har vore innkalla spesielt. I februar vart det andre av 2 kurs i HMS gjennomført. Kurset gjekk over 4 dagar og 42 leiarar, verneombod og tillitsvalde har no hatt det lovpålagte "40 timars-kurset".

Av velferdsmidlane vart kr. 15.000 nytta til arrangement for alle tilsette, kr. 15.000 til klippekort på treningssenteret og kr. 60.000 vart fordelt til einingane.

Rekruttering

Det har vore store rekrutteringsutfordringar, noko vi har hatt felles med alle kommunar i regionen og landet elles. I perioden frå 2005 har vi hatt stor omsetting av arbeidskraft.

	<i>Tilsettingar</i>	<i>Oppseiingar</i>
2005	63	22
2006	75	50
2007	54	53
2008	53	28

Turnover i faste og midlertidige stillingar

Turnover i



Tala har vore ganske stabil på faste tilsettingar/ oppseiingar, men omsettinga på vikariat har vore veldig høg. Til sju nye læreplassar, fekk vi tilsette ein på IKT og ein som helsefagarbeidar.

Utfordringa har vore størst når det gjeld førskolelærarar, noko som skuldast auken i barnehageutbygginga og mangel på utdanna pedagogar.

Sjukepleiarar/spesialsjukepleiarar og ingeniørar har også vore ei utfordring, men det har vore mangel på arbeidskraft i nesten alle yrkesgrupper. Når arbeidskraft er mangelvare, har lønn vore viktigaste innsatsfaktoren for tilsetting. I tillegg har tilsette i deltidstillingar vore nytta som vikarar og overtid der dette har vore naudsynt. Einingane har hatt store utfordringar og brukt veldig store tidsressursar for å skaffe vikarar.

Likestilling

Undersøkingane er gjort blant fast tilsette. 82 % av dei tilsette er kvinner. 57 menn er fast tilsett og størsteparten av dei arbeider ved FDV og skolane. Dei kvinnedominerte arbeidsplassane er barnehage og pleie og omsorg. Ved nytilsettingar vert det kjønn som er underrepresentert føretrukke, der kompetansen elles er lik.

40 % av arbeidsstokken har full stilling og 23 % arbeider meir enn 75 %.


4 % har mindre enn 25 % stilling, i 2005 var talet 9 %. Nokon av dei med små helgestillingar er studentar.

17 % menn arbeider deltid og 62 % av kvinnene. Det vert kontinuerleg arbeid med å auke stillingane for dei i deltidarbeid og som ønsker høgare stillingsstorleik.

	Kvinner		Menn	
	2005	2008	2005	2008
0 - 24,99 %	22	11	2	3
25 - 49,99 %	22	17	4	5
50 - 74,99 %	46	57	3	1
75 - 99,99 %	74	72	6	1
100 %	62	97	38	48
Totalt	226	254	53	58

Kjønnsdelt statistikk heiltids- og deltidstilsette

Gjennomsnittleg lønn for kvinner er 92 % av menn sin lønn. 54 % av mennene har høgskole, mens det gjeld 47 % av kvinnene. Der vi har grupper av tilsette med same utdanning og stilling, ligg lønnsnivået på tariff og likt for begge kjønn. Under dei siste lokale forhandlingane vart det gitt eit løft til avd.leiarar med stort personalansvar. Alle desse var kvinner. Det har i dei seinare åra vorte gitt lønnstillegg t.d til fagarbeidarar og høgskoleutdanna som har eit særskilt ansvar og/eller som det har vore vanskeleg å rekruttere til.



Kjønnsfordeling i einingane



Samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane

Rådmannen har lagt opp til 4 faste møter i året med hovudtillitsvalde. Alle partar kan melde inn saker og det vert skrive referat.

Lønsforhandlingar

Dei lokale forhandlingane for tilsette i kap. 4 og 5 vart gjennomført i oktober.

Størstedelen av potten, kr. 1.063.217, gjekk til kompensasjon for dei som har tatt vidareutdanning og ikkje fått kompensert det i lønnsauke, tillegg til avd.leiarar med stort personalansvar og dei med særskilt fagansvar. Noko vart gitt til stillingar der vi har rekrutteringsmessige utfordringar. Det vart gjennomført eigne lønssamtaler mellom rådmannen og medlemane i leiargruppa der ny lønn vart fastsett.

Kompetanseutvikling:

Kompetanseprogrammet for dei tilsette, KM Kollegamedvirkning, vart avslutta i januar og 275 tilsette hadde gjennomført. Programmet gjekk over 2 år og 43 prosjektoppgåver er utarbeidd. Mange av prosjekta er vidareført og tatt i bruk og fleire er planlagt å ta tak i etter kvart. Pedagogisk rådgivar kartla kompetansen blant lærarane og har starta arbeidet med ei kompetanseplan for denne yrkesgruppa. I

pleie og omsorg har mange gjennomført vidareutdanning med stønad frå fylket og kommunen. Meir om dette i meldingane frå pedagogisk rådgivar og einingsleiar i PLO. I dei sentrale forhandlingane vart det vedtatt at kommunane skal gjennomføre kartlegging av formal- og realkompetanse blant alle tilsette.

Tildeling av heidersmerke

Kommunenes Sentralforbund sitt heidersmerke for lang og tro teneste vart tildelt 5 av våre tilsette under festmiddagen den 18. desember.

Mål for 2009

Få fram til politisk handsaming ei arbeidsgivarpolitisk plattform. Gjennomføre kompetansekartlegging og starte arbeidet med å registrere all kompetanse i Unique ansatt. Utarbeide retningsliner knytta til kompetanseutvikling. Ved å involvere leiarar og tillitsvalde, arbeide fram tiltak som skal bidra til at sjukefråværet går ned og at det vert større fokus på haldningsskaping og førebyggjande tiltak.

*Rannveig Oterhals
Løns- og personalsjef*



Økonomiavdelinga



Økonomikontoret skal yte gode og riktige tenester innan rekneskap, skatteoppkrevjarområde, eigedomsskattearbeid og it.

Økonomi

I 2008 har vi samarbeidd med lønns- og personalavdelinga om systematisering og effektivisering av heimsoversikt (kva stillingsheimlar vi har) og forvaltninga av desse i heile organisasjonen. Arbeidet var omfattande vi er godt nøgd med gjennomføringa og verknaden av dette. Det blei vidare innført eit nytt budsjetteringsverktøy, som alle einingane tok i bruk. Første året gjekk nokså greitt og vi ser at budsjetteringa kan bli enklare å handtere framover.

IT

It er ein naudsynt faktor i kommunen sin tenesteproduksjon. Alle einingar er avhengig av at det tekniske fungerer godt. Det skjer raske endringar innan faget, og vi arbeidet aktivt med å følge med i utviklinga. I 2008 har hovudfokuset vore å strukturere og sikre forsvarleg handsaming og lagring av data vi har ansvaret for. I tillegg har vi hatt fokus på "grøn it" gjennom å velje løysingar som krev mindre

straumforbruk og oppmoding om å unngå bruk av papirkopiar. I 2008 blei det inngått it-samarbeid mellom NAV Aukra og NAV Midsund.

Samarbeidet internt i kommunen er avgjerande for at utviklinga går i den retninga som tenesteytar ønskjer. Vi har halvårlege møter med skolane og årlege møter med FDV og PUS, for å avklare forventingar og utviklinga framover. I tillegg kjem den daglege kontakten gjennom brukarstøtte og alminneleg drift.

Eigedomsskatt

Eigedomsskattekontoret er organisatorisk lag til økonomikontoret. Oppgåvene er å

vere sekretariat for skattetakstnemnd og overskattetakstnemnd, utsending av skattesetel og oppfølging av skattekrav, følge opp endringar hos verk og bruk som er eigedomsskattepliktige og andre administrative oppgåver kring dagleg drift. I 2008 har aktiviteten vore stor, då det er gjennomført nye takseringar og slutt-takseringar. I tillegg har det vore gjennomført klagehandsamingar. Det har vore to saker i kommunestyret knytt til forslag om endringar i eigedomsskatteloven og utskriving av eigedomsskatt i sjø.

Måloppnåing

Målsettinga for økonomikontoret er å gi gode og riktige tenester. Vi har fokus på å vere serviceorientert og ha god kompetanse i faga. Dette er vanskeleg å måle, men på bakgrunn av tilbakemeldingar frå einingane og publikum tyder det på at vi er i nærleiken av å nå målsettinga.

Anne Thorsrud
Økonomisjef



Pedagogisk rådgjevar, skole og barnehagefagleg ansvarleg



Føremålet med stillinga

På vegne av rådmannen vere kommunen sin representant som skole- og barnehageeigar.

Pedagogisk rådgjevar representerar skolefagleg kompetanse over skolenivået.

Pedagogisk rådgjevar er saksførebuar for sentrale skole- og barnehagesaker.

Ansvarsområde for stillinga:

Ansvar for rådgivning og sjølvstendige oppgåver knytta til grunnskolen, inklusiv SFO, og vaksenopplæring, samt kommunen sine interessar vedkomande vidaregåande skole og kommunal barnehagedrift.

Pedagogisk rådgjevar har eit særleg utgreiings- og saksbehandlaransvar for m.a. ressursfordeling, skole/barnehage/spesialundervisning, klagesaker, kompetanse- og kvalitetsutvikling i skole og barnehage og skoleskyss.

Verdt å merke seg frå skole og barnehage 2008:

Skole	
Dialogmøte mellom Rådmann og skolane om tilpassa opplæring og spesialundervisning.	Ein prosess som endte med ein sluttrapport, og resultatane blei fulgt opp blant anna med politisk sak om nasjonale prøver, og det skal avholdast felles skolering for pedagogisk personale i august 2009. (Livsløpsutvalet orientert). Metodikken som Aukra kommune brukte i prosessen med dialogmøtet blei presentert på ein nasjonal konferanse om kvalitet i skolen i januar 09.
Statleg tilsyn.	3 avvik. Plan for oppfølging sendt Fylkesmannen. (Kommunestyret orientert)
-Utarbeiding av skjema og gjennomføring av kompetansekartlegging av pedagogisk personale i skolen. -Plan for kompetanseutvikling utarbeidd for -08.	-Ei omfattande og informativ kartlegging. (Livsløpsutvalet orientert med 2 saker). Fleire andre kommunar vel no å bruke same kartlegging som Aukra, og skjema for kartlegginga er lagt ut på heimesidene til Fylkesmannen. -orientering til livsløpsutvalet om kompetanseplana. Kompetanseplana er eit godt styringsreiskap for rådmann og rektorar, og ein føresetnad for tildeling av statlege midlar.
Nettverksarbeid i regi av KS. Formål å skrive ei tenesteanalyse innanfor skole.	I 2008 blei kommunen med i eit effektiviseringsnettverk i regi av KS, for å lære å skrive ei tenesteanalyse. Dette på grunn av §13-10 i opplæringslova om at kommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp verksemda. Av dei 5 kommunane som var med i nettverket blei ingen av kommunane ferdig med analysa i 2008. I Aukra bestemte Rådmannen at grunnlaget for arbeidet skulle vere ein



	rapport frå kvar skole.
Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem. Nasjonale prøver og elevundersøkinga.	Skoleeigar pliktar i henhold til opplæringslova å vere orientert om – og følgje opp - resultat frå nasjonale prøver og elevundersøkinga. Livsløpsutvalet er orientert om begge undersøkingar, og kommunestyret er orientert om resultat på nasjonale prøver. Resultata på nasjonale prøver var i 2008 svært gode. Elevundersøkinga syner at det på eit av trinna er mobbing. Gjennomsnittstalet er mykje høgare for Aukra kommune enn fylket og landsgjennomsnittet. Det er gutane som hevdar å bli mobba. Dette kan vi ikkje akseptere, og vi er difor no i ein prosess med kompetanseheving av personalet.
Utbygging Riksfjord.	Personalet ved Riksfjord er svært nøgd med at dei blei høyrd i valet av konsept. Det har vore jobba med det pedagogiske innhaldet i den nye skolen i tillegg til det reint bygningsmessige.

Barnehage	
Barnehagedekning	I 2008 var det full dekning etter nasjonal standard.
Midlertidige løysingar – paviljongen på Bergetippen og Aukrahallen ved Barnebo.	Desse har fungert godt.
Hovudopptak barnehage.	Vi hadde opplæring i et nytt datasystem for opptak. Det vart i denne samanheng utarbeidd administrative retningsline for prosessen. (Det var mykje å setje seg inn i 2008, men opptaket i 2009 viste kor effektivt systemet er.)
Overgang barnehage-skole	Det vart i 2008 jobba med å få lage ei slik plan. Plana vert politisk behandla i april -09.

Plannemnd Julsundet	Nemnda jobba for å finne gode løysingar for skole og barnehage.
---------------------	---

Arbeidet innanfor skole og barnehage fordrar tett samarbeid med instansar utanfor kommunen, m.a. pedagogisk psykologisk teneste i Molde, utdanningsavdelinga og samferdselsavdelinga i fylket, vaksenopplæringa i Molde, Tøndergård skole, Fræna kommune og Fræna vidaregåande skole. I tillegg er Aukra kommune med i ulike faglege nettverk, og også med i forskjellig skolesamarbeid med kommunane Molde, Midsund og Sandøy.

Mål for 2009:

- God pedagogisk prosess i utbygginga av Riksfjord skole.
- Gode løysingar for skole og barnehage i Julsundet.
- God informasjonsflyt gjennom alle nivå. Frå eining til politikarar og vice versa.
- Felles verksemdsplan for Aukraskolen. Lukke avvik frå statlege tilsyn.
- Barnehagedel i samfunnsplana.
- Kommunalt tilsyn med barnehagane.
- Dialogmøte med skolane

*Marianne Bolghaug
Pedagogisk rådgjevar
Skole og barnehagefagleg ansvarleg*



Administrasjonsavdelinga



Formannskapet handsama 137 saker i 2008

Administrasjonsavdelinga dekkjer tre ansvarsområder: fellestenesta , politisk sekretæriat og drift av kommunehuset Avdelinga har sju tilsette, fordelt på 4,1 årsverk. Avdelinga vert leia av assisterande rådmann.

Fellestenesta betener sentralbord og ekspedisjonen på kommunehuset. Ekspedisjonen har som mål at alle som kjem til kommunehuset skal kjenne seg godt tatt imot og få god service. Avdelinga yter og tenester for likningskontoret.

Vidare servar fellestenesta sentral-administrasjonen og einingane med postføring og arkivteneste, og den har og ansvar for fjernarkivet for heile kommunen og dette er lokalisert i kommunehuset.

- ✓ *Kommunestyret handsama 108 saker*
- ✓ *Formannskapet handsama 137 saker*
- ✓ *Livsløpsutvalet handsama 89 saker*
- ✓ *Drift og arealutvalet handsama 83 saker*

Avdelinga er ansvarleg for opplæring og brukarstøtte på fagsystem for sak/arkiv/møtebehandling.

Politisk sekretariat koordinerer all sakshandsaming og politisk møteaktivitet i kommunen. Det vart i 2008 avvikla 9 kommunestyremøter, 15 formannskapsmøter , 12 møter i Livsløp og 11 møter i Drift og arela.

Kommunehuset er fast arbeidsstad for 38 tilsette.

Vi har i 2008 sett inn nye inngangsdører for å gjere huset enklare tilgjengelig for funksjonshemma brukarar av huset.

Kompetanseheving

Ein tilsett er deltidsstudent ved Høgskolen i Lillehammer, ved studiet Arkiv og informasjonsforvaltning.

Rolf Blomvik
Assisterande rådmann



Utviklingstrekk i Aukra

Folketal

Ved utgangen av 2008 hadde folketalet auka med berre 9 innbyggjarar til 3.183 innbyggjarar. Dette tilsvarer ei auke på 0,3 %. Netto innflytting var negativt og fødselsoverskotet var og lågt.

SSB sine prognoser for folketalet i Aukra utarbeidd i 2008, er basert på ein vekst på 1% pr.år, noko vi i alt planarbeid har mint om har vore eit svært optimistisk anslag.

År	Fødsels- overskot	Netto - innflytting	Folke- tilvekst
1999	-	17	17
2000	5	-15	-10
2001	19	38	57
2002	-3	15	12
2003	12	6	18
2004	15	-18	-3
2005	16	33	49
2006	18	25	43
2007	14	18	32
2008	10	-1	9

SSB 2008

Folketalsutvikling på Gossen og i Julsundet fram til 1.1.08

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Gossen	2398	2396	2362	2399	2387	2388	2387	2415	2421	2424
Julsundet	540	571	579	609	632	648	640	661	679	696
Uoppgitt*)	23	11	27	18	19	19	23	23	42	54
Aukra	2961	2978	2968	3026	3038	3055	3050	3099	3142	3174

*)personar registrerte som skatteytarar i Aukra men som ikkje har adresse her.


Vi ser at i dei siste 10 åra har befolkninga på Gossen auka med 26 personar, medan det i Julsundet har vore ein vekst på 156 personar. På bakgrunn av bustadbygging og klargjeringa av private bustadfelt i løpet av 2008, er det grunn til å tru at veksten i Julsundet vil halde fram.

Bustadbygging i Aukra

År	Bustadeiningar igangsett
2005	28
2006	30
2007	26
2008	37



Befolkningsstruktur i Aukra kommune 2008



Befolkningspyramiden (SSB) viser aldersfordelinga i befolkninga fordelt mellom kvinner og menn.

Nøkkeltal frå befolkningsstruktur 2008 (prosent)	Aukra	Fylket	Landet
Menn pr. 100 kvinner 20-39 år	110	108,2	104,0
Del barn og unge 0-17 år	25,1	23,3	23,0
Del eldre 80 år og over	5,4	5,4	4,6
Del personar med innvandrarbakgrunn, vestleg	1,0	1,5	2,4
Del personar med innvandrarbakgrunn, ikkje-vestleg	4,2	3,5	7,2

Framskriving av eldre i Aukra

	2008	2010	2012	2014	2016	2018	2020	2025	2030
60-69 år	342	366	381	380	388	381	390	380	382
70-79 år	227	227	232	246	264	296	319	335	347
80-89 år	139	136	133	134	131	142	142	169	214
90 år og eldre	26	26	32	35	35	32	32	37	38
Sum alle	734	755	778	795	818	851	883	921	981
Sum 80 +	165	162	165	169	166	174	174	206	252

SSB sine framskrivingstal frå 2008

Aukra er i gang med utarbeiding av ei omsorgsplan, slik at kommunen på best mogleg måte skal kunne førebu seg på endringane i etterspørselen etter helse og omsorgstenester i åra som kjem. I tabellen ovanfor ser vi, i følgje SSB sine prognoser, at *eldrebølga* "slår inn" over Aukra frå år 2020,




Kommunebarometer - SSB sine indikatorer for samfunn og livskvalitet -

	2006	2007	2008
Levekår (indeks 1-10, 10 størst problem)			
Sosialhjelp	...	1	1
Dødelighet	1	1	1
Uføretrygd	2	2	1
Attføringspengar	3	2	2
Arbeidsledige	2	1	3
Overgangsstonad	9	6	3
Lav utdanning	6	5	4
Økonomi (foreløpige KOSTRA-tal)			
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger	61553	66590	77043
Korrigerede brutto driftsutgifter i kroner per innbygger	54744	59190	65308
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger	38415	42694	49148
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger	64663	84589	108635
Netto driftsresultat i kroner per innbygger	2547	17166	25671
Frie inntekter i kroner per innbygger	33036	36598	37118
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	57675	48041	37332
Pensjonsforpliktelse i kroner per innbygger	46022	45558	71148
Grunndata			
Kommuneareal km ²	58,5		
Jordbruksareal dekar	10989		
Produktiv skog dekar	6801		
Folketal pr. 31.12	3142	3174	3183
Folketilvekst	43	32	9
Innvandring	9	39	48
Utvandring	19	6	5
Innflytting	147	134	152
Utflytting	112	150	153
Nettoflytting inkl.inn og utvandring	25	18	-1
Døde	26	30	27
Fødte	44	44	37
Fødselsoverskot	18	14	10
Innpendling	388	369
Utpendling	629	637



Årsmelding frå einingane

Riksfjord skole



Elevforsøk på naturfagrommet

Klasseleing og tilpassa opplæring, viktige satsingsområde for Riksfjord skole

Fem utviklingsmål

Måla for Riksfjord skole slik dei var lagt fram i budsjettet for 2008, var relatert til dei 5 utviklingsmåla for skolane i Aukra. I 2008 hadde skolen fokus på "trivsel, ro og orden". Både elevar og personalet var engasjerte i utarbeiding av reglar for elevane og for lærarane. Skolen har og lagt vekt på å utvikle lærarane sin kompetanse på klasseleing og vurderingsarbeid. Vi har i den samanhengen gjennomført personalseminar med S. Størksen frå adferdssenteret i Stavanger.

Kartleggingsprøver innført

Skolen har gjennomført nasjonale prøver på 5. og 8. årstrinnet i engelsk, lesing og matematikk. Vi har i 2008 innført og gjennomført kartleggingsprøver i matematikk og lesing på alle trinn.

- ✓ 243 elevar ved i barneskolen og 94 i ungdomskolen
- ✓ 31 elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn
- ✓ 19 av 70 tilsette ved skolen er over 55 år
- ✓ Sjukefråværet var på 6,3 %
- ✓ Vi har 48 barn på SFO

Kartleggingsprøvene skal gjennomførast kvart år på alle trinn. Dette vil over tid gi oss verdfull bakgrunnsinformasjon om kva som påverkar læringsutbyttet og gi oss moglegheit til å sjå korleis elevane utviklar seg. Både nasjonale prøver og kartleggings-prøvene har vore grunnlag for refleksjon og drøftingar på team, fagmøte og på felles-samlingar. Dette er eit viktig arbeid for å kunne legge til rette for tilpassa opplæring og gi god rettleing til elevane.

Året 2008

Sjukefråvær: 2008 har vore eit år med fleire langtidssjukemelde. Dette har gitt oss utfordringar når det gjeld å skaffe vikarar.

Tre årstrinn med språkdeling: Dei siste åra har ønskje frå foreldra om bokmålsgruppe blitt meir og meir aktuelt. På årstrinn med språkdeling, har skolen mellom anna ingen innverknad på gruppeinndelinga.

Elevar med anna morsmål enn norsk: Om lag 10% av elevane ved skolen i dag er minoritetsspråklege elevar. Skolen får ikkje lenger øymerka tilskott til særskilt norskopplæring. Når elevar kjem nye til skolen midt i året, har vi framleis ei



utfordring for å få god tilpassa opplæring for desse elevane.

Tenesteanalyse viktig verktøy: Skolen har for første gong utført ei tenesteanalyse. Ei slik analyse gir oss oversikt og nyttig informasjon om eiga eining. Etterkvart som vi blir betre på å utføre ei tenesteanalyse, blir den eit viktig verktøy for utviklingsarbeidet ved skolen.

Seniortiltak for lærarar over 55 år:

I 2008 hadde skolen nedsett lesetid for seniorar tilsvarande i overkant av ei undervisningsstilling (104%). Dette er ressursar som går frå rammetimetallet utan at det blir kompensert for denne tidsressursen.

Verksemdsplan: Vi har i 2008 laga verksemdsplan for eiga eining.

Skoleutbygging: Dette har opptatt både personalet og foreldre siste året. Vi har og vore gjennom ei ny runde om tomteval for skolen som har tatt både tid og krefter.

Nokre resultat

Eksamen: I 2008 var elevane oppe til skriftleg eksamen i engelsk og matematikk. Gjennomsnittskaraktar i engelsk 3,5, i matematikk 4,1. Til munnleg eksamen var snitt- karakteren 4,68.

Nasjonale prøver: På nasjonale prøver, 5 årstrinn, skora elevane (kommunen) betre enn i 2007 både i lesing, rekning og engelsk. På 8. trinnet skora elevane betre i rekning, noko lågare i lesing og likt resultat i engelsk.

Økonomi

Budsjettramma for Riksfjord skole var i 2008 på kr 27.429.178. Denne ramma skulle dekke drifta av skolen sine fire ansvarsområde; Grunnskole Riksfjord, Vaksenopplæring, SFO Riksfjord og Skolelokale Riksfjord. Årsoppgjeret 2008 viste eit forbruk på 100 %. Av tenesteanalysen går det fram at Riksfjord skole har ein driftskostnad på kr 89.800 pr elev.

Samla utgjær enkeltvedtak, Norsk2-elevar og reduksjon i undervisningstid for seniorar 9,88 årsverk. Ser ein vekk frå desse ressursane, som jo ikkje kjem alle elevane til gode, blir driftskostnaden pr elev kr 74.836 pr elev.

Utfordringar framover

Den store utfordringa framover blir å kunne drive ein god skole for elevane og vere ein god arbeidsplass for personalet i den kommande byggeperioden.

*Inger Åse Bieltvedt Rød
Einingsleiar Riksfjord skole*



Julsundet skole



Friminutt framfor inngangspartiet til skolen

Når ein ser tilbake på 2008, er det mest gledelege som skjedde hos oss at vi fekk utvida romkapasiteten på skolen med to klasserom, slik at vi igjen har fått tatt i bruk spesialromma til det dei skal brukast til. Eit anna gledeleg moment var at det var rom for å arrangere eit personalseminar for heile personalet om temaet MiLL, der vi vart inspirerte og fekk eit felles utgangspunkt for vidare arbeid med tilpassa opplæring ved skolen.

Nye undervisningsrom

Dei nye klasseromma som vart bygd, er tatt i bruk som undervisningsrom for ungdomsskolen. Romma er utstyrt med Smartboard, ei interaktiv tavle, og det er eit spennande, nytt læremiddel der PC og tavle kommuniserer med kvarandre. Romma ser ut til å vere i minste laget når dei skal huse grupper på opp mot 30 elevar. Men når romma var på plass, fekk vi ta i bruk sløydalen til sløydal, naturfagrommet til naturfagrom og vi har også fått eit eige rom til anna forming. Gledeleg var det også at det fanst pengar til

- ✓ 89 elevar ved i barneskolen og 82 i ungdomsskolen
- ✓ 15 elevar får spesialundervisning
- ✓ 31 personar jobbar ved skolen
- ✓ Sjukefråværet var på 5,4%
- ✓ Vi har 22 barn på SFO

renovering av skolekjøkkenet. Det vart eit heilt nytt rom som vart mykje meir funksjonelt enn tidlegare. No kan det brukast som eit kombinert skolekjøkken og klasserom/ grupperom for ei lita gruppe. Sjølv om vi er godt nøgde med den utbygginga som har vore, veit vi at det skal svært lite elevauke til for at vi igjen får det for trangt. Derfor sette Formannskapet ned ei nemnd som skal leggje planar for vidare utbygging av både barnehagen og skolen.

Alle med i utviklingsarbeid ved skolen

Sjølv om Kunnskapsløftet vart innført i norsk skole i 2006, er det ein lang prosess å få alle element implementert i skolekvardagen. Erfaring har etter kvart vist at det kan vere vel så effektivt å gå med små steg og få alle med, som at ein tar eit krafttak i starten og berre får med nokre få. Derfor har vi valt å bruke taktikken med små steg, men krev at alle må "gå". 2008 vart mykje brukt til å finne fram til gode måtar å drive tilpassa opplæring på. Vi har brukt element frå MiLL-opplegget i Skien for må skape eit læringsmiljø der elevane skal få lære seg ulike måtar å tileigne seg kunnskap på ut frå dei sterke sidene dei har. Vi har hatt sterkt fokus på læringsstrategiar. Det er bestemt 3 -4 strategiar på kvart hovudsteg som alle elevar skal ha lært. På den måten



vil elevane lære fleire strategiar å angripe eit lærestoff på. Etter kvart vil dei forhåpentlegvis kome fram til sine "favorittstrategiar" som dei sjølve har mest nytte av.

Val av målform gjev ekstra kostnader

I løpet av 2008 er alle lærebøker til elevane bytta ut, slik at elevane våre no har bøker som er godkjent til bruk etter Kunnskapsløftet. Ein ekstra kostnad er det i ungdomsskolen når elevane, i følgje Opplæringssslova, kan velje hovudmål. Det fører til at vi må kjøpe inn ein del fleire lærebøker enn elevtalet tilseier for at dei skal vere på rett målform.

Busslomma på plass

Trafikkale løysingar for skolen ser etter kvart ut til å vere på plass. Busslomma som vi har venta på i mange år, er no på plass, - med busskur.

Betra datanettverk

Vi har 60 datamaskinar til elevbruk på skolen til om lag 170 elevar. Alle lærarane og dagleg leiar på SFO har kvar sin berbare PC. I tillegg står det nokre stasjonære PC'ar til bruk for personalet på arbeidsromma til lærarane. Det har vore investert i nye antenner både på taket av skolen og på kommunehuset for at trafikken i datanettverket i kommunen skal gå så raskt som mogleg. Dette har betra seg betrakteleg.

Lånte ut rom til barnehagen

Det vart så mange ungar i barnehagen i Julsundet i 2008 at kommunen måtte sjå

seg om etter straksløysingar for at fleire skulle få plass. Det enda opp med paviljongar i barnehagen. Men det fekk også følger for skolen. Medan barnehagen venta på paviljongane, lånte dei hus hos oss. Dei brukte samfunnshusbiten av skolen. Men vi måtte også dele uteområdet som tradisjonelt har vore småskolen sitt, med barnehagen, slik at vi no har eit inngjerda område som både småskolen og barnehagen kan bruke.

Økonomi

Økonomisk kom vi godt ut i år. Vi har eit forbruk på 10 400 010 kr som er 96,7% av budsjett på 10 756 000. Årsaken til at ein ikkje har brukt alt, er at utgifter til pensjonar i STP og KLP er så uforutsigbare. Eit år kan dei slå negativt ut med at vi må betale mykje meir enn berekna, og i år slo dei positivt ut. Derfor greier ein ikkje heilt å ha full styring med dette ved årsavslutning.

Utfordringar framover

Vi synest sjølv at vi er godt i gang med eit systematisk utviklingsarbeid og vil stadig utvide det til å gjelde nye områder av skoleverksemda. Vi ser også fram til å få eit meir inspirerende uteområde for elevane våre, slik at det er kjekt å vere ute i friminutta.

Svein Lowe

Einingsleiar Julsundet skole



Barnebo barnehage



Språkleg mangfald

Regjeringa sin definisjon av full dekning var ” alle barn som søkte om plass til hovedopptaket, skulle få plass i løpet av året ”. Når vi opna mellombels avdeling i Aukrahallen, hadde vi full barnehagedekning i 2008.

Barnebo vart da 9 avdelingar på 4 hus, og dermed ein av fylket sine største barnehagar. Det kom nokre nye søkjarar etter hovedopptaket. Tilflytting og endt svangerskapspermisjon var dei største årsakane. Desse har vi jobba for å ta inn, og etterkvart funnet gode løysingar. Ved årsskiftet hadde vi 1 reell søkjar som hadde stått på venteliste sidan sommaren.

Førskulelærarar

Vi starta 2008 med førskulelærarar i alle pedagogisk leiar stillingane. Ein permisjon gjorde at spesialpedagogen vår måtte gå inn i ei ped.leiar stilling . Ytterlegare permisjonar, i tillegg at vi opna ei avdeling til, gjorde at vi måtte lyse ut etter førskulelærarar. Sjølv om det er stor mangel i Norge, rekrutterte vi tre nye til nytt barnehageår . Til spesialpedagog stillingane fekk vi ein fagarbeidar og ein vernepleiar. Det var mange søkjarar til

assistentstillingane, men få fagarbeidarar. Det lukkast oss ikkje å tilsetje lærling. Vi

- ✓ 121 barn på 9 avdelingar i august 2008.
- ✓ 130 barn ved årsskiftet 08/09.
- ✓ 12 minoritetsspråklege frå 5 nasjonar pr. 15.12.08.
- ✓ 3 ny-rekrutterte førskulelærarar.
- ✓ Sjukefråver 1.halvår 21.3 %, 2.halvår 16.1 %

meiner likevel at personalet var stødig ved oppstart i august.

I 2008 avslutta vi kompetanseutviklingsprogrammet ” Kultur, leing og kvalitet”

Gjennom ulike samlingar over ca eitt år har vi jobba med kulturbygging i personalet, leiarutvikling for pedleiarane og arbeidsmåte for å operasjonalisere måla våre. Personalet fekk gjennom ulike kurs, og ved å jobbe med tre fokusområder på avdelingane, auka kompetanse. Rammeplana, vaksenrolla, språkutvikling, kulturbygging, leing, dokumentasjon og vurdering, dei yngste barna og HMS er døme.

” Fokusområde” tyder at vi i ei lengre periode konsentrerer oss om kvalitetsutvikling på eit avgrensa område. Ped.leiarane utarbeider ein fagleg standard. Avdelingane tek så i bruk handlingsromma for å finne beste praksis for si avdeling, for å oppnå standard.

Vi fullførte to, og starta på eitt fokusområde i 2008.

I september var vi på KS nettverkskonferanse i ” kvalitetskommuneprogrammet ” i Oslo og fortalte om erfaringane våre med denne metoden.



Fokus på minoritetsspråklege barn

Satsingsområdet vårt språkmiljø og språkstimulering, og eit aukande tal på minoritetsspråklege barn, gjorde at vi arrangerte ein interkommunal kursdag i april. Vi starta og opp eit samarbeid med Aukra folkebibliotek. BOKTRAS-prosjektet har vi opna ein bibliotekfilial på Aukratun der barna kan bolte seg i bøker kvar dag, og låne dei med seg heim om dei vil.

Betre på informasjon og dokumentasjon

På avdelingane har vi fokusveggjar, bilete, dagstavler, produkt barna har laga, planer og anna skriftleg info. Heimesida vår er i aktiv bruk. Her finn ein planer, kontaktinfo, siste nytt, lover, forskrifter, lenker osv. I 2008 var vi bevisst aktive i media og lokalsamfunnet for å synleggjere barnehagen som ei pedagogisk verksemd. Med trådløst nettverk på husa og bærbara pc-er til pedleiarane vart kommunikasjon- og informasjonsflyten meir effektiv. I mai og i desember hadde vi to store faglege vurderingsarbeid i personalet.

Sjukefråvær med samansette årsaker

Sjukefråveret var gjennomsnittleg 18.7 %. Langtidssjukmeldingane har samansatte årsaker. Belastningsskadar og støyproblematikk kan relaterast til arbeidsplassen. Personalet er dagleg i kontakt med smittekjelder. Kontakten med brukarane er tett. Vi har fokus på oppfølging av sjukmeldte, både ved samtalar og tilrettelegging. Mange tiltak er satt i verk for å førebygge, og for å få raskare tilbake ; smittevern / hygiene, ergonomi, arbeidsmiljø ,introduksjon og oppfølging av vikarar, og ta i bruk IA-verkemidlar. Det høge sjukefråveret har

teke mykje tid og krefter for leiinga og dei andre medarbeidarane på Barnebo. Sjukmeldingar, saman med færre vikarar, gjorde at vi etterkvart hadde vanskar med å få stabile og gode nok personalgrupper på somme avdelingar. Vi brukte mykje ressursar på å få vikarar på lengre arbeidsavtalar. Det betra tryggleiken og kontinuiteten etterkvart. Rekruttering og introduksjon av nye vikarar var sentralt. Særleg har det vore ei utfordring å ha nok og stabile vikarar til 9 avdelingar. Vi har prioritert å få dette til. Gode vikarar er med å minkar belastninga på resten av personalet.

Økonomi

Den økonomiske ramma var på 3.896.000,- Den dekkjer drifta av Barnebo barnehage på Gossen og dei to husa våre. Vi er og leietakarar på 2 hus.

Det vart vedtatt å opprette eit tilbod i Aukrahallen for førskolebarn barnehageåret 08/09.

Resultatet syner at vi ligg godt innfor ramma med eit forbruk på 3.090.000,.

Vikarbruken har vore høg heile året. Mykje er langtidssjukmeldingar, og netto forbruk av vikar vert godt innfor ramma grunna refusjonar frå NAV trygd.

Etter søknad fekk vi tildelt kr. 100 000 i OU-midlar frå KS til leiarutvikling.

Av dei tre ansvara til Barnebo, ligg drift av Furutun høgast. Det skuldast mest leige av reinhaldsfirmar og høgare straumutgifter enn budsjettert. Det var første året med heilårsdrift, og såleis vanskeleg å anslå ei rett ramme.



**UTFORDRINGAR FOR BARNEBO
FRAMOVER :**

- Sjukefråveret må ned.
- Behalde og rekruttere nok og kompetente medarbeidarar.
- Ha nok barnehageplassar av god kvalitet. Utfordringa ligg i kor fleksibel vi greier å vere organisasjonsmessig og økonomisk. Korleis sikre forutsigbar drift når behovet og aldersfordelinga på barna varierer periodevis, og vi er organisert på 9 avdelingar, og 4 hus.

*Hanne Skarshaug
Einingsleiar Barnebo barnehage*



Bergetippen barnehage



Fargerikt fellesskap i Bergetippen barnehage

Bergetippen barnehage har gått gjennom store forandringar i 2008. Vi starta året med drift av to avdelingar, ei for barn frå 0-3 og ei for barn frå 3-6 år. Etter søknadsfrist til hovudopptaket våren 2008, viste det seg at Bergetippen hadde venteliste med omkring 20 barn.

Utbygging og forandring

Kommunen såg då på løysingar for å kunne tilby plass til alle på venteliste. Det vart gjort vedtak om ekstra løyvingar i budsjettet til ei paviljongløyving som ville gje Bergetippen barnehage to nye avdelingar. Paviljongen vart plassert på parkeringsplassen ved barnehagen. Det vart gjort restopptak og tildelt nye plassar, og ein måtte på kort tid lyse ut stillingar og tilsette personale til to nye avdelingar. Leveringa av paviljongane frå Malthus var noko forseinka, slik at da nytt barnehageår starta 15. august, måtte barnehagen starte opp med to grupper med dei eldste barna i musikkrom og gymnastikksal på Julsundet skule. Den 1. oktober kunne vi flytte inn i nye lokale i paviljongen. Då kunne ein etablere dei to nye avdelingane og få

- ✓ 47 barn på 4 avdelingar august 2008
- ✓ 51 barn ved årsskifte 08/09
- ✓ 7 nytilsette i personalet
- ✓ sjukefråvær 18,3 % 1. halvår
- ✓ 8,3 % 2. halvår

vanleg drift. Grappa med dei eldste er ei friluftsgruppe som brukar mykje tid ute i nærområdet.

Personalarbeid

På kort tid har Bergetippen barnehage blitt dobbelt så stor som vi var i utgangspunktet. Året 2008 vart prega av utvidinga og etablering av nye avdelingar. Det har gått mykje tid på praktisk tilrettelegging gjennom innkjøp av alt utstyr og inventar til dei nye avdelingane. Samstundes har ein i personalet arbeidd for å etablere den nye barnehagen gjennom gode samarbeidsrutiner i personalet, slik at alle kan oppleve at vi er ein barnehage sjøl om vi er fordelt på to bygg. Det er positivt med eit større fagmiljø, der vi arbeider for å bruke den faglege kunnskapen i personalet til gode for alle. Sjukefråværet i personalet er høgt. Siste året har ein arbeidd aktivt med bevisstgjerung av personalet i høve til å vere ein profesjonell arbeidstakar i høve til barn, foreldre, kollegaer og på fritid. Personalet er viktige for å bygge eit godt omdømme til barnehagen og kommunen som arbeidsgjevar.



God kompetanse og større fagmiljø

Vi har ikkje dekt førskolelærarstillingane fullt ut, men har likevel god kompetanse med både utdanna lærar og vernepleiar i personalet, noko som gjer at vi syns det pedagogiske arbeidet blir godt ivaretatt. Det er framleis vanskeleg å få stabile tilkallingsvikarar, men personalet har gode rutinar for å samarbeid avdelingane mellom ved fråver.

Økonomi og budsjett

Utvidinga av Bergetippen barnehage kravde ekstra løyvingar til etablering og ulike investeringar i to nye avdelingar. Det vart også løyvd midlar til dei nye stillingsheimlar i personalet. På det ordinære driftsbudsjettet låg Bergetippen på overforbruk på slutten av året, grunna drift

av større barnehage enn ein hadde kalkulert med då driftsbudsjettet vart vedteke. På neste års budsjett driftsbudsjettet justert i høve til utviding til fire avdelingar.

Utfordringar framover

Vidareutvikle friluftsgruppe og opparbeide uteområde
Arbeide for eit godt arbeidsmiljø og stabilt personale
Utvikle barnehagen sin identitet i ei bygd i vekst
Finne gode løysingar for ny barnehage som skal byggast

Berit Drejer

Einingsleiar Bergetippen



Oppvekst og kultur



Spøll-elevar frå Julsundet

Gjennom arbeidet med "Skal-skal-ikke"-prosjektet laga OKU ein visjon som eininga har arbeidd mot; *Våge å bry seg – lov å satse*. For å lykkast har ein gjennom tiltak i tenesteområda hatt fokus på å utvikle eit godt samarbeid i kommunen, med frivillige lag og organisasjonar og med næringslivet.

Planarbeid innan idrett, aktivitet og friluftsliv:

Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv vart revidert. Ein framtidskveld i samarbeid med idrettskrinsen og frivillige lag/org og enkeltpersonar var oppstarten til arbeidet.

Samarbeid med lag/foreiningar og N&R Friluftsråd kring ivaretaking av toalettbygg, turstiar og andre friluftsområde har fungert godt.

Aktivitetstilbodet "Aktiviteten" vart gjennomført i vårhalvåret i samarbeid med ungdomsarbeidar og Idrettsskolen. Tiltur mål konkurransen vart gjennomført med to nye turmål. Om lag 60 personar fekk turkruset, som vart utarbeida i samarbeid med kulturskolen, der elevar på bildefag laga design. To søknader på spelemidlar vart sendt inn frå Aukra kommune. Eit av

- ✓ 60 personar fekk turkrus
- ✓ 9695 utlånte bøker og anna materiale.
- ✓ 5500 personar besøkte biblioteket.
- ✓ Nærare 70 ulike lokale aktørar bidrog på den første Aukradagen
- ✓ 70 ungdommar på populær aktivitetsdag
- ✓ 220 elevplassar i Kulturskolen.

prosjekta som har motteke spelemidlar er sandvolleyballbana som stod ferdig i juni.

God Helse - eit langsiktig arbeid

Aktiv på dagtid har hatt tilbod 3 dagar pr. veke, med 36 medlemmar om våren og 28 medlemmar om hausten. Gå- og sykkelaksjon vart gjennomført på alle trinna på skolane i perioden medio april til medio juni. Aktivitetsskalender for einingane i kommunen vart gjennomført om våren, med felles trimturar, trimpausar og andre aktivitetar. Gå- og sykkelaksjonen var òg eit av tiltaka. Som ein del av det tverrfaglege arbeid med kvalitetssikring og utvikling av det rusførebyggjande arbeidet i kommunen vart det arrangert ein aktivitetsdag der om lag 70 ungdommar deltok. Det rusførebyggjande arbeidet var også tema på eit foredrag for 40 frammøtte på Soltun. Folkehelsekoordinator har heldt innlegg i ulike fora om God Helse arbeidet.

Utfordringa framover vil vere å få til eit systematisk arbeid med forankring i planverka på tvers av einingane i kommunen og ut til frivillige lag og organisasjonar.



Samarbeid med det frivillige kulturlivet

Ei av målsetjingane var å vere ein aktiv kulturaktør i lokalsamfunnet, som samarbeidspartnar for det frivillige kulturlivet i kommunen. Aukradagen vart eit vellykka samarbeidsprosjekt med Aukra næringsforum. Her bidrog heile Aukrasamfunnet, gjennom lag og organisasjonar, bedrifter og enkeltpersonar til at dagen vart ein suksess og at ein etter evalueringa tok avgjersla om å vidareføre også i 2009.

OKU har ansvaret for den kommunale satsinga i kulturminneåret 2009 og planlegginga starta allereie tidleg om våren. 3. april vart det markert 70 år sidan Rokta forliste ved Galleskjera.

Førjulssamlinga for lag og organisasjonar har blitt ein årleg tradisjon med godt oppmøte. Her fekk vi mange gode innspel til aktivitetar og tiltak vi kan gjennomføre i samarbeid med det frivillige kulturlivet.

God vekst i utlån på biblioteket

Det har gjennom året vore utlånt 9695 bøker og anna materiale, ein oppgang på 12,94% frå 2007. Besøktala viste at 5500 personar har vore innom, ei auke på 14%. Til samanlikning viser gjennomsnittet for utlån i Møre og Romsdal ein tilbakegang på 0.6%. Ein har prioritert å bruke tid på innkjøp og kassering av bøker og andre media for å halde samlingar aktuelle og oppdaterte. Dette slår positivt ut på utlånstala.

Gjennom året har 7 grupper med elevar frå Riksfjord skole besøkt biblioteket. Ein har òg vore involvert i planlegging av skolebibliotek i nye Riksfjord skole. Prosjektet BokTRAS er landsomfattande og etter initiativ frå Barnebo fekk dei eit eige bokrom med bøker til utlån på Aukratun. Seinare har fleire av avdelingane fått utplassert bokdepot. Barnehagane er no blant dei flittigaste lånarane og ei viktig målgruppe med tanke på vidare leselyst.

Biblioteksjef har oppgåva som kommunen sin nettredaktør i 20% stilling. Sekretæren har fått auka si stilling tilsvarande frå 50% til 70%. Biblioteklokala vert leigd ut gratis til lag og foreiningar. Dette er ei ordning som har fungert fint. I tillegg har det vore gjennomført godt besøkte barnetimar, foredrag og kunstutstillingar.

MOT-arbeidet involverer enda fleire

MOT-arbeidet har vore overbyggande for alt ungdomsarbeidet og ein har gjennom oppstart av eit "Tamburinteam" arbeid for å mobilisere fleire motiverte lokale ressursar som vil skape eit varmare og tryggare oppvekstmiljø. Ungdomsarbeidar er utdanna MOT-informatør og MOT-koordinator, samt hatt ansvar for og vore delaktig i gjennomføring av UKM, Ungdommens aktivitetsdag, Open hall og Filmkveld på UFO. Ungdomsrådet har vore medarrangør på fleire arrangement og som deira ressursperson har ungdomsarbeidar hatt ein del arbeid retta mot ungdomsrådet. Ungdomsklubben på Julsundet har god drift, det same har UFO. Etter ei noko tung oppstartsfase, har no aktiviteten på UFO tatt seg opp og er ein populær tilhaldstad. Folkehelsekoordinator fungerte som MOT-koordinator på grunn av utskiftingar av tilsette.

Ungdomsarbeidar har fungert i stillinga sidan 1. september. Utfordringa framover vil vere å nå fram til ungdomane som er ferdig med grunnskolen med tilbod som gjer at dei trivest i heimkommunen sin.

Utfordringar innan barnevernstenesta

Barneverntenesta har heile året vore prega av sjukemeldingar blant dei tilsette. Ein har derfor hatt innleidd konsulentbistand for å kunne oppretthalde drifta. Etter politisk vedtak vart det i andre halvår starta opp forhandlingar med Molde kommune om samarbeid i tillegg til at ein internt i kommunen også skulle vurdere aktuelle organisatoriske løysingar for å kunne gje



brukarane ei best mogeleg teneste. Dette arbeidet held fram i 2009.

Etter oppdrag frå kontrollutvalet leverte Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal ein forvaltningsrevisjonsrapport vedrørande barnevernstenestene i Aukra kommune.

Ein har i løpet av hausten fått etablert faste samarbeidsmøte, både med helsestasjon, skole og barnehage.

Utfordringane framover er å finne ei organisatorisk løysing som tek i vare både fagleg utvikling og dei tilsette slik at Aukra i framtida kan ha ei robust barnevernteneste.

Integrering av flyktningar i Aukrasamfunnet.:

Pr 31.12 budde til saman 8 vaksne 14 barn og 2 over 18 år. To familiar flytta frå Aukra og 3 personar avslutta introduksjonsprogrammet i løpet av året.

Det er 1 vaksen som ikkje har fått seg arbeid og har vært i tiltak gjennom NAV. Elles er det ein i kvar familie som har fast arbeid. Dei 2 barna over 18 går begge på vidaregåande skole. Ungane er godt integrert på skolen og i andre aktivitetar på fritida. Dei vaksne held seg mest heime og er ikkje så godt integrert med resten av befolkninga, anna enn dei de møter på jobb eller på tiltak. Kvinnene har mogelegheit til å komme seg ut på "Kvinnetreff" ein gong i månaden. For mennene er det ikkje organisert noe tiltak frå flyktningkontoret. I juni var det sommartur for deltakarane i introduksjonsprogrammet og barna. Turen blei organisert i lag med "Kvinnetreff". Flyktningkvinnene som er med i denne møteplassen, deltok med eigen stand på Aukradagen. Dei deltok og på kafésal på Soltun under kulturskoleveka.

I november vart det gjort politisk vedtak på at kommunen ser positivt på å busette 15 flyktningar i 2009. Dette vert ei **spanande utfordring** for OKU i året som kjem.

Vedtaket seier også at ein må likevel kunne gjere vurderingar med tanke på husvære og

barnehage/skole/sysseletting. Familiesameiningar kjem i tillegg.

Aukra Kulturskole i utvikling:

Elevplassar i kulturskolen ligg stabilt på ca. 220. I tillegg samarbeider kulturskolen med bl.a. barnehagane, grunnskolane og det frivillige kulturlivet og når slik eit stort tal av kommunens innbyggjarar utover kulturskolen sine egne elevar. Av arrangement kulturskolen har hatt ansvar for/delteke i kan nemnast nokre få: Klubbkveld Aukratun, Fylkesutstillinga (regionalt kunstprosjekt) arrangør og deltakar utescena Aukradagen, Gossetrøkk og Kulturskoleveka.

Hausten 2008 starta Kulturskolefokus 3 som er eit treårig utviklingsprogram i regi av Norsk kulturskoleråd. Aukra kulturskole deltek i programmet, som har som siktemål å utvikle kulturskolen til eit kunst- og kulturfagleg ressurscenter i kommunen i tråd med St. meld. nr. 38 og 39 og Strategi for kunst og kultur i opplæringa 2007 – 2010.

Økonomi

Budsjettert ramme for Oppvekst og Kultur er kr. 9.081.523,-. Rekneskap viser eit årsresultat for eininga på kr. 10.920.000. Innanfor to av ansvarsområda har ein hatt eit større overforbruk. Dette har medført at eininga totalt sett har overskrive budsjettramma med 18 %.

Barneverntenesta har hatt ei auke i saker med forsterka tiltak som har medført auke i kostnadssida. Ein har òg vore nøydt til å nytte tiltak som ikkje gjev rett til refusjon frå staten. Her er det ueinigheit om ansvarsforholdet mellom kommune og Bufetat.

Innafor flyktningansvaret har ein korrigeret for for mykje mottatt introduksjonsstønad i 2007 og 2008. Dette resulterer i eit negativt resultat for ansvaret.

*Anne Jorunn Sandøy
Einingsleiar Oppvekst og kultur*



Pleie og omsorg



Eit utval av produksjonen før jul på Teletun

Pleie og omsorg skal arbeide for at brukarane opplever å ha eit trygt, verdig og sjølvstendig liv. Vi skal gje ei likeverdig og individuelt tilpassa teneste, som tek i vare den enkelte sine ressursar, eventuelt legge til rette for ein verdig avslutning på livet. Tenesta skal så langt råd, utarbeidast i nært samarbeid med brukar og eventuelt pårørande.

Personalet skal oppleve at dei er verdsett og aktivt deltagande i planlegging og utøving av tenesta. Vi skal legge til rette i høve HMS slik at alle kan yte ei god teneste ut frå sine faglege kvalifikasjonar.

Omsorgsplan;

Arbeidet med Omsorgsplan starta i oktober 2008, og skal leggast fram for politisk behandling i 2009. Omsorgsplanen er ei plan i tråd med Omsorgsplan 2015 – Stortingsmelding nr25; ei nasjonal satsing for å møte framtidige utfordringar i omsorgssektoren. Planen gjeld alle innbyggjarar i alle aldre med alle diagnoser og ulike hjelpebehov. Planen skal beskrive utfordringar, behov og til tak fram til 2020, og korleis vi vil løyse desse utfordringane.

- ✓ *Dagopphald: 26 brukarar*
- ✓ *Matombringing til 32 personar*
- ✓ *Omsorgsløn til 19 heimar*
- ✓ *66 monterte trygghetsalarmar*
- ✓ *Teletun dagsenter 19 brukarar*
- ✓ *Hjelp i eigen heim/omsorgsbustad 130 personar*
- ✓ *Bergtun 9 bebuarar*
- ✓ *Aukraheimen 44 bebuarar*
- ✓ *Utg. pr. brukar heimetenesta 151. 400 (M&R 188.000, landet 174.700)*
- ✓ *Utg. pr. institusjonsplass 700.300 (M&R 729.300, landet 785.200)*

Vi har starta arbeidet med tenesteanalyse av eldreomsorga.

Tenestetilbudet blir sett i samanheng med tilbud i nabokommunar av same størrelse, og resultatet blir brukt i det vidare arbeidet med omsorgsplanen. Grunnlagsdata er føreliggjande KOSTRA –tal. Ferdigstillast i 2009.

Større press på institusjonsplassar

vi har i perioder hatt overbelegg på 1-2 plasser på Aukraheimen. Når presset på institusjonen vert større forplantar det seg og til dei andre avdelingane i PLO. Vi har hatt fleire yngre søkarar. Vi har søknader til omsorgsbustader som vi ikkje kan imøtekomme, det er fleire søkarar enn ledige bustadar.

Inntaksnemnda har behandla 174 enkeltvedtak, 2 av desse er avslag på søknad, til dagopphald, matombringing og omsorgsbustad langtids og korttids plass,

Brukarundersøkingar i 2008:

Vi har gjennomført brukarundersøkingar for; Institusjon bebuarar, Institusjon



pårørende og Brukarane av heimeteneste: Svarprosenten var låg. Resultat var gjennomgåande godt. Alle var stort sett fornøgd med tenestene som vart ytt. Bebuarane ønska seg meir aktivitetar og at personalet var meir tilgjengelig

Heimetenesta flytta inn i nye kontor ved Aukraheimen 2.april 2008.

Heimetenesta hadde tidlegare felles sekretariat med Sosialtenesta. Då heimetenesta flytta, vart stillinga som sekretær PLO redusert med 25 %, for at sosialkontoret skulle ha mulighet for åpen ekspedisjon. Når sosialtenesta flytter over til NAV reknar vi med at den stillingsressursen blir tilbakeført til Pleie og omsorg. Pleie og omsorg har behov for auka merkantil teneste med gode datakunnsaker.

Aukraheimen og Heimetenesta samarbeider om å utnytte personalet til beste for alle avdelingane. Mange tilsette arbeider på tvers av avdelingane.

Renovering av kjøkkenet på Aukraheimen. Førebuingar og tilrettelegging var klart til byggestart i jan 2009. Kjøkkentenesta er flytta til Soltun i byggeperioden.

Personalsituasjonen

Vi har store utfordringar med å få tak i vikarer. Vi merkar at arbeidsmarknaden er stram, og fast tilsette må arbeide ekstra vakter, noko som ofte utløyser overtid og medfører stor slitasje på personalet. Dette er ressurskrevande for avdelings-leiarane. Mykje tid går med til å få tak i vikarer, og det blir for lite tid til utviklingsarbeid og ledelse, personalet får ikkje den oppfølginga dei bør ha.

Sjukefråvær i PLO i 2008 har vore 11,6 % mot 8 % i 2007. Nesten alt sjukefråvær er legemeldt, og langtidssjukemeldingar. Den enkelte sjukemelde blir følgt opp av avdelingsleiar i samsvar med at vi er IA-bedrift. Når det gjeld nyinnvisteringar; har vi lagt vekt på HMS og trivsel; kr 300 000 er brukt til å skifte ut sengane på Aukraheimen for at pleie skal bli lettare. 4 hjelpepleiarar med små stillingar har fått fast tilsetning i 50 % stilling i vikarpool. Desse går inn i ledige vikarvakter

Fokus på kompetanseutvikling:

Vi har fokus på at tilsette får tilbud om utdanning og fagleg påfyll
Kompetanseløftet 2015 gir økonomisk støtte til kompetanseutvikling
2008: ein assistent får stipend for å ta grunnutdanning i sjukepleie
23 tilsette starta i oktober 08 studiegrupper Demensomsorgens ABC, studiesirklar som går over 2 år.
Vi har 1 lærling i kokkefaget og ein lærling i helsefagarbeiderfaget. 3 læreplassar i helsefagarbeid står ledig.

Økonomi

Budsjettet 44 388 000,- dekker drifta av Aukraheimen, Heimetenesta, Bergtun og Teletun.
Rekneskap 2008 viste 44 473 000,-
Avvik/meirforbruk på kr 85 000,- mot kr 899 000 i 2007

Utfordringar:

Redusere sjukefråværet
Rekruttere kvalifisert personale

*Ase Breivik
Einingsleiar PLO*



Helse og sosial



Avlastningsbustaden

- ✓ *Index for levekår 1,8*
- ✓ *Andel sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggjarar 0,8*
- ✓ *Andel spebarn som har fullført helseundersøkelse innan utgangen av 8. leveuke 100*
- ✓ *Gjennomsnittleg listelengde fastlege: 1184*
- ✓ *Årsverk fysioterapeuter pr 10000 innbyggjar 7,5*

Befolkninga skal ha god tilgang på tenester som skal gis på ein forsvarleg og effektiv måte. Råd og tenester skal ha høg kvalitet tilpassa brukaranes behov. Arbeidet skal vere tufta på verdiane fagleg solid, etterrettelig, nyskapande, open og respektfull. Beredskap skal ver god og dimensjonert etter risiko og sårbarheitsanalysar.

Gode levekår i Aukra

Dei fleste innbyggjarane i Aukra kommune har gode levekår. Det er få som treng sosialhjelp, arbeidsløysa er låg og få har uføretrygd og attføringspengar. Dødligheten er den lågaste i fylket.

Sosialtenesta har gjort 76 vedtak i klient/sosialsaker og securitas har gjennomført tre alkoholkontrollar utan avvik.

Helsestasjonen har god oppfølging med vaksinasjonar og kontrollar og dei gravide blir fulgt opp av jordmor og fastlege. Ved skulane har helsesøster fast møtetid og det er etablert helsestasjon også på fastlandet. Det er enno ikkje starta opp med helsestasjon for ungdom.

Ved **legekontoret** har det vore om lag like mange konsultasjonar som i 2007.

Etter lang tid med vikar utan formell utdanning i **psykiatri** fekk vi tilsett ny psykiatrisk sjukepleiar på slutten av året.

Vi har tilsett **ergoterapeut** som saman med fysioterapeut driv rehabilitering og tilpassing av hjelpemidlar. Kommunen manglar logoped.

Ambulansébåten dr. Riiber har hatt færre oppdrag i 2008 enn i 2007 og har også hatt to motorhavari. Elles har båt og mannskap fungert svært godt og sikkerhetsmanualar er oppdatert.

Aukra har **legevaksamarbeid** med Midsund og Sandøy og AMK fungerer som legevaktsentral.

Ved **avlastningsbustaden** har to personar fått avlastning kvar 3. helg.

Tilsyn frå fylkeslegen

Fylkeslegen hadde tilsyn med psykiatritilbodet i kommunen. Vi fekk avvik på oppfølging av individuell plan og koordinering av tenestane. Dette blir no fulgt opp og er prioriterte oppgåver i 2009.



Utfordringar framover:

Helse og sosialsenteret skal få bygd ut fysioterapi lokala, nytt utstyr for fysioterapeutane blir kjøpt inn, ekspedisjon for legekantor blir bygd om og nytt ventilasjonsanlegg skal på plass.

I 2009 skal det etablerast nytt NAV kontor og det har gått mye tid til planlegging og tilrettelegging.

Ved årskiftet fekk vi konsulent som i to år framover skal jobbe med støttekontakt og avlastnings tenesta i kommunen. Det er stort behov for tenestane i Aukra og det blir arbeidd med kartlegging og vurdering av behov. Ein tar sikte på å fremme ei plan

for tenesta kor behov, tiltak, kvalitet og organisering blir belyst. Dette vil inngå som ei del av omsorgsplana.

Ambulansebåt blir lagt ut på anbud og kommunen søker om vidare drift.


Elles blir det arbeidd med oppdatering av beredskapsplan og eit kommunalt krisepsykiatrisk team.

Vi har og starta med å utarbeide ei plan for rehabilitering.

Roald Borthne
Einingsleiar Helse og sosial



Plan, utvikling og samfunn



- ✓ 8 stadfesta reguleringsplaner
- ✓ 35 ferdigstilte målebrev
- ✓ 4 personar tilsett i avdelinga i 2008
- ✓ kjøp av landbrukstenester frå Fræna kommune
- ✓ 9 søknadar til næringsfondet

Oppgåver som ligg til avdelinga er kommuneplanarbeid, handsaming og utarbeiding av reguleringsplanar, landbruk, kart- og oppmålingsoppgåver, sal og erverv av kommunal grunn, nærings saker og naturforvaltning.

Endring i personell

Ny einingsleiar tok til i stillinga 1. april. Planleggar – Areal gjekk ut i svangerskapspermisjon i november. Vikar er tilsett i permisjonstida. Etter ei omorganisering i administraasjonen er fagområdet planlegging samfunn styrka. Det vert kjøpt inn konsulentbistand for å effektivisere oppmålingssakene, tilsvarende ei halv stilling. Det vert også leigd konsulentar knytt til reguleringsplanar ved behov.

Kjøp av landbrukstenester frå Fræna

Det vart inngått avtale med Fræna kommune om kjøp av landbrukstenester tilsvarende ei halv stilling. Denne ordninga tok til å gjelde frå 01.01.2009. Aukra har styrka oppmålingsarbeidet i staden. Avdelinga har framleis ansvaret for landbrukssaker i kommunen.

Lite etterslep

Vi har ingen etterslep eller venting på handsaming av private reguleringsplanar trass i høg aktivitet.

Vi har etterslep på oppgåver etter kart- og delingslova. Årsaka ligg i liten kapasitet hjå konsulenttenesta. Dei som har byggeprosjekt vart prioritert slik at desse ikkje vert hindra med framdrifta. Tiltak som er gjort vil resultere i at etterslepet vert henta inn i løpet av 2009.

Når det gjeld kommuneplanarbeidet er det starta arbeidet med samfunnsdelen, samt plan for Energi, miljø og klima. Dette arbeidet vil halde på i heile 2009.

I tillegg har avdelinga sekretærfunksjonen for Omsorgsplanar, som vart starta opp i 2008.

Vi har gjennomført dei andre oppgåvene som ligg til avdelinga utan etterslep å nemne sjølv om det har vore høg aktivitet. Spesielt kjekt å sjå at næringsfondet har hatt fleire søknadar. I 2008 vart det handsama 9 søknader til næringsfondet.



Økonomi

Budsjettramma for 2008 var omlag kr.
2.040.000,-

Utfordringar framover:

Erverv av bustad- og næringsareal
Tilstrekkeleg framdrift i
kommuneplanarbeidet
Handsaming av alle reguleringsplanar.
God kompetanse i alle tenesteoppgåver.

Arild Grønsberg

Einingeleiar Plan utvikling og samfunn



Forvaltning, drift og vedlikehald



Tverrlia - behandlingsanlegg for vatn

Målsettinga for 2008 var å skape så godt resultat som mogeleg innafor dei rammer som blir tildelt.

Forvaltning og byggesak

Behandlingstida for byggesøknader er godt innafor dei krav til saksbehandlingstid som er sett i lovverket.

Utgiftene er dekt av gebyrinntekter.

VAR (Vatn, avløp og renovasjon)

Vatn: 2008 har vore prioritetsområde innafor drifta. Det har vore arbeidd med systematikk og rutinar for drift av leidningsnettet. Vi meiner å sjå resultat av dette i kvalitetsmålingane laboratoriet utfører for oss kvar 14 dag. Kvaliteten har vore god.

Avløp: Dei seinare åra har det vore gjort store investering på avløp. Dette kjem til uttrykk kvart år i høge avskrivningar og kalkulatoriske renter. Aukra kommune har brukt sjølvkostprinsippet på vatn og avløp og då skal alle kostnader knytt til tenesta dekkast av avløpsgebyr. Rekneskapen for 2008 viser eit overforbruk med kr 62 309 for avløp etter at avsett fond er brukt. Kommunen må vurdere om

- ✓ Gj.snitt behandlingstid byggesøknader 15 dagar
- ✓ Kommunen leiger ut 42 bueiningar
- ✓ Antall piper i Aukra er 1163
- ✓ Årsgebyr vannforsyning 2.194 (M&R 2.571, landet 2.515)
- ✓ Årsgebyr avløpstenesta 1.765 (M&R 2.133, landet 2.923)
- ✓ Årsgebyr renovasjonstenesta 2.430 (M&R 2.229, landet 2.157)

sjølvkostprinsippet skal inkludere avskrivningar og kalkulatoriske renter framover. Her står kommunen fritt. Elles vil det utan ei vesentleg auke i avgifta bli svært vanskeleg å oppretthalde eit tilfredsstillande nivå på tenesta.

Renovasjonen: Renovasjon blir utført av RIR. FDV sin del i aktiviteten var avvikla i 2008.

Kommunale bygg

Samla for utleigebustader og omsorgsbustader har Aukra 42 bustadeiningar. I tillegg til løpande vedlikehald var m.a. to bustadeiningar fullrenovert i 2008. Vi er på veg med å ta inn noko av vedlikehaldsetterslepet.

Veg

Bakgrunnen for at Aukra kjem høgt ut på driftskostnad har samanheng med større veglengde, men tala er for høg på grunn av at kostnader for prosjektet Setervegen er ført på vedlikehald.

Manglar driftsingeniør

Stillinga som driftsingeniør har stått vakant i 2008 trass i at stillinga har vore utlyst tre gonger og fleire direkte rekrutteringsforsøk har vore prøvd.



Å få søkjarar til stillingar med krav til teknisk kompetanse har vore vanskeleg i 2008. Følgja av denne vakansen er løyst ved at oppgåvene er fordelt på andre tilsette. Det går, men utviklingsarbeid og strukturering av aktiviteten vert lidande.

Stor aktivitet

Utbyggingsaktiviteten har vore stor i kommunal regi.

Aktiviteten inn mot kommunen frå private føretak har vært stor. Nemner kort Juvikautbygginga, utbygging av reservekraftanlegget med prosess for vassforsyning og hotellplanane.

Aktiviteten innafor investeringsprosjekt er elles enkeltvis kommentert i rekneskapen. Situasjonen ved FDV har derfor vore utfordrande i 2008.

Brann:

Beredskap (utrykkingseininga) har fungert godt i 2008. Det har elles vore utfordringar med drifta som er lokalisert i telt og brakkar. Spesielt for HMS og vasstemperatur i utrykkingsvogna.

Tilsyn §§ 13 bygg for 2008 er gjennomført i desember 2008 og januar 2009 med unntak av to bygg. Desse vert tatt i første halvår. Tilsyn skal gjennomførast årleg, men med eit enklare tilsyn anna kvart år. Det var gjennomført fullt tilsyn i 2007.

Det er utført feiing av 760 piper. Dette er over kravet til gjennomføring av feiing.

Økonomi

Budsjettramme drift FDV var på kr.3.888. 000,- , resultat kr. 2.832.000,-. Budsjettramma dekker aktivitetar innafor byggesak, VAR-området, vedlikehald av kommunale bygg, eigedomar og kommunal samferdsel. Brannområdet var i 2008 lagt inn under FDV. Budsjettramme for brann og beredskap var på 2.758.000,- , resultat kr.2.957.000,-.

*Terje Urdshals
Einingsleiar FDV*



Vranglodnetunge (*Trichoglossum walteri*) er ein liten mørk, fingerforma sopp som veks i naturbeitemark. Den er sårbar for gjengroing og gjødsling. Den er kjent frå Vedaholmen og Olsvik i Aukra, og er ein god representant for eit miljø med mange raudlista artar. Den oppført som "sårbar" i raudlista, og Aukra kommune vart i 2008 bedne av miljøvernminister Erik Solheim om å ta vare på denne utrydningstrua arten.

